



Petra Rahm <petra.rahm@gmail.com>

Tildeling av kunstnarstipend 2018

Bergljot Maria Veivåg <bergljot.maria.veivaag@eidfjord.kommune.no>
To: Petra Rahm <petra.rahm@gmail.com>

Fri, Jun 23, 2017 at 10:48 AM

Petra Rahm
Prof. Hansteens gt 86
5006 BERGEN

Arkivsakid- doknr:	17/176-30	Saksh:	Bergljot Maria Veivåg	Arkivkode	Dato:
Journalpostid:	17/3412	Telefon:	53 67 35 93	K1 - 076, K2 - C00	23.06.2017

Tildeling av kunstnarstipend 2018

Me ynskjer å gratulera deg med kunstnarstipend frå Eidfjord kommune 2018. Stipendet er sett til kr. 40.000,-. Me ser fram til arbeidsperioden din i Eidfjord og til ei spanande utstilling i Galleri N. Bergslien i 2018.

Begrunning frå juryen:

I Rahm sitt kunstnarskap er tid, minne og sagn tilbakevendande tema, arbeidet tek ulik fysisk form og er ofte stadbestemte. Ho interesserer seg for forholdet mellom ei personleg oppleving og forteljing, og den større samanheng, historisk eller samfunnsmessig den er ein del av. Ho arbeider i ulike media, med tekst og foto, artists books, arbeider med stadsidentitet og forteljingar. For tida held Rahm på med ei lydbasert utstilling og ei bok, samt workshop for born.

Rahm søker seg til Eidfjord for å jobbe tett med lokalsamfunnet, og vil la arbeidet ta form undervegs, ho vil ta utgangspunkt i personlege forteljingar om Eidfjord og omegn.

Petra Rahm arbeider og bur i Bergen, gjekk ut frå Kunstakademiet, Kunsthøgskulen i Bergen i 2004. Ho er aktiv på samtidskunst-scena i inn- og utland.

Det er fint om du tek kontakt med undertekna for å planleggja neste års opphald og utstilling, gjerne på e-post til bm@eidfjord.kommune.no

Ynskjer deg ein fin sommar!

Med venleg helsing

Eidfjord kommune

Bergljot Maria Veivåg

kulturkoordinator

Kopi til arkiv og kopibok